

# MOT TIL Å MEINA

Demokratiopplæring for  
ungdomskulen

# INNHALD

---

<b>1. Bevisstgjøring</b>	<b>1</b>
<b>2. Innleiande klassesdebatt</b>	<b>2</b>
<b>3. Organisasjonane si påverknadskraft</b>	<b>4</b>
<b>4. Organisasjonar i Noreg – elevpresentasjonar</b>	<b>5</b>
<b>5. Digitale kanalar for utøving av demokrati</b>	<b>6</b>
<b>6. Norsk økonomi i global samanheng</b>	<b>7</b>
<b>7. Skuledebatt og skuleval</b>	<b>8</b>
<b>8. Besøk av vallokale</b>	<b>9</b>

Vedlegg A: Oppgåveark kap. 2 – INNLEIANDE KLASSEDEBATT

Vedlegg B: Oppgåveark kap. 4 – ORGANISASJONAR I NOREG – ELEVPRESENTASJONAR

Vedlegg C: Oppgåveark kap. 6 – NORSK ØKONOMI I GLOBAL SAMANHENG

## Samfunnsfag 8. – 10. trinn

---

Målet med dette pedagogiske opplegget er å oppfordra elevane til å ha sine egne meiningar, og å visa dei at dei kan spela ei rolle i det samfunnet me lever i.

Dette er tenkt å vera ei praktisk tilnærming til demokratiopplæring (læreplanområde Samfunnskunnskap), og det skal gi elevane ei kjensle av heilskapen i politikken og korleis velferdsstaten fungerer.

I læreplanen for samfunnsfag kan ein lesa at formålet med faget blant anna er:

*Føremålet med samfunnsfaget er å medverke til forståing av og oppslutning om grunnleggjande menneskerettar, demokratiske verdiar og likestilling og til aktivt medborgarskap og demokratisk deltaking.*

Vidare i heftet finn du forslag til praktiske tilnærmingar til demokratiopplæring i samfunnsfag.

## 1. Bevisstgjeriing

---

Først kan ein ha ei lita bevisstgjeriing rundt kva demokrati er, både som prinsipp og i kvardagen til kvar enkelt. Her kan læraren gjerne stilla eit såpass ope spørsmål som ”Kva betyr demokrati for deg?”. Så bør elevane få litt tid kvar for seg til å notera stikkord eller laga seg tankekart med assosiasjonar. Deretter kan ein diskutera det i mindre grupper, eller felles i heile klassen. Læraren kan gjerne laga eit felles tankekart på tavla der han skriv opp dei innspela elevane kjem med.

Med dette tankekartet som utgangspunkt kan læraren gå vidare med å forklara prinsippa som ligg til grunn for demokratiet, og dei ulike demokratiformene ein har. **Her bør ein poengtera at demokratiet er avhengig av at enkeltindividet engasjerer seg og deltar i diskusjonar og beslutningsprosessar.**

Elevar gir uttrykk for at det er lettare å bli engasjert om undervisninga blir knytt til aktuelle, lokale saker, og at det blir fokusert på at enkeltelevane faktisk kan påverka kva som skjer i politikken.

Eit interessant punkt ein kan ta med i diskusjonen, er på kva måte politisk engasjement heng saman med identitet – både det å vera politisk engasjert og det å ikkje vera det heng saman med tilhøyrslle til meiningfelleskap og kva identitet ein har eller ønsker å formidla at ein har.

Tankekart

- Individuelt
- Felles i klassen
- Lærar forklarar
- Knytt til lokale og aktuelle saker

### STIKKORD

## 2. Innleiande klassedebatt

- Elevane får velja saker og standpunkt
- Gruppearbeid, førebu argument
- Bli einige om klare reglar og sanksjonar
- Gjennomgang av debatteknikk
- Elevpanel gir poeng til gruppene (basert på deltaking og overhalding av reglar)
- Karaktergivande vurderingssituasjon

Sjå vedlegg A

### STIKKORD

Her kan elevane sjølv få føreslå kva tema som skal debatterast, eventuelt kan læraren koma med innspel og forslag. Det kan vera lurt å velja aktuelle saker som er oppe i media, for så å knytta desse til læreplanen ( gjerne til alle område, her er fokus på det å debattera, ikkje nødvendigvis eit bestemt læreplanområde). Aktuelle saker kan til dømes dreia seg om lokale saker, avgjersler som påverkar ungdommen, eller andre saker som engasjerer lett (miljø, dyrevern, elevrettar o.l.).

Det er viktig å velja saker som faktisk engasjerer elevane, og å la dei velja side i saka sjølv, elevane opplever det som svært demotiverande å få tildelt standpunkt som dei skal argumentera for. Det kan vera lurt å spissa sakene, og å prøva å finna provoserande formuleringar som utgangspunkt for debatten.

Debatten kan vera ein karaktergivande vurderingssituasjon, det fører til større engasjement blant elevane. Det kan òg vera lurt å ha eit poengsystem, der gruppene får poeng om alle i gruppa aktivt tar del i debatten (ein kan gjerne setja saman eit elevpanel som får ansvar for å tildela desse poenga), og poenga bør påverka karakteren.

Klassen bør diskutera seg fram til klare reglar for debatten i forkant, og ein bør også avklara kva sanksjonar ein skal bruka om nokon bryt reglane. Her kan ein gjerne bruka elevpanelet (frå avsnittet over) som ”politi”, og aktuelle sanksjonar kan vera trekk i poeng.

### Del 1: Lærarstyrt diskusjon i klassen:

- a. meiningar vs fakta
- b. følelsar vs argument
- c. underhaldning vs seriøsitet
- d. skjult vs open argumentasjon

### Del 2: Førebuing i grupper:

Elevane blir delte i mindre grupper som skal utarbeida argument for ei sak, eller ei side av ei sak. Her får elevane tid til å innhenta informasjon og fakta, og til å førebu seg som gruppe.

### Del 3: Klassedebatt:

Her er det viktig å avklara kva reglane for debatten er, korleis ein skal ta ordet og kva som er god og dårleg åtferd i ein debatt. Ein kan godt utnemna ordstyrarar og øva på formell debattskikk generelt her (innlegg, replikk osv).

## LÆREPLANMÅL

- finne fram til og presentere aktuelle samfunnsspørsmål, skilje mellom meiningar og fakta, formulere argument og drøfte spørsmåla

Eventuelt:

- forklare kva haldningar og fordommar er og drøfte moglegheiter og utfordringar i fleirkulturelle samfunn
- gjere greie for grunnleggjande menneskerettar og drøfte verdien av at dei blir respekterte

### 3. Organisasjonane si påverknadskraft

---

Ein viktig måte ein som enkeltindivid kan påverka politikken på, er gjennom medlemskap i ulike organisasjonar. Det finst eit mangfald av organisasjonar som i ulik grad er politisk aktive, og som tar i bruk ulike verkemiddel for å fremja sine saker.

Ein kan invitera representantar frå ulike organisasjonar til å fortelja om arbeidet organisasjonen driv med. Korleis går dei fram for å nå politikarane med sine saker? Kva metodar tar dei i bruk (lobbyverksemd, underskrifts-kampanjar, demonstrasjonar, aksjonar, sivil ulydnad)?

Mange ungdomsorganisasjonar (t.d. Natur og Ungdom, Norsk Mål-ungdom o.l.) vil nok gjerne koma på besøk. Slike besøk gir dei ein sjanse til å visa fram arbeidet sitt, og kanskje driva rekruttering. Det blir òg ein fin måte for elevane å få oppleva engasjementet som ligg i organisasjonane, trua på at ein saman kan endra på noko.

Her bør elevane ha fått førebu spørsmål til organisasjonane.

- Inviter representantar for ulike organisasjonar på besøk i klassen
- Klassen førebur spørsmål
- Organisasjonane fortel om korleis dei arbeider for å fremja si sak for politikarane
- Klassen stiller spørsmål

## STIKKORD

## 4. Organisasjonar i Noreg – elevpresentasjonar

Elevane får i oppdrag å laga ein presentasjon, enten i form av ein muntleg presentasjon (eventuelt med powerpoint), eller ei veggavis. Her kan læraren velja om elevane skal utarbeida presentasjonar individuelt eller i grupper.

Oppgåva til elevane er å presentera kvar sin organisasjon med politiske interesser, som til dømes Attac, Amnesty, Natur og Ungdom o.l. Det er viktig at dei her har fokus på korleis organisasjonane arbeider opp mot det politiske systemet i Noreg – kva gjer dei for å få gjennomslag for sine kampsaker? Elevane kan òg få i oppdrag å sjå på korleis desse organisasjonane arbeider i andre land – kva er likt og kva er ulikt i Noreg og andre land?

Her kan ein gjerne ha ein del formelle krav til oppgåva, elevane finn det ofte betryggande å få eit sett klare rammer for kva dei skal gjera. Det bør presiserast at presentasjonen skal innehalda informasjon om organisasjonen, så som:

- Hovudmålsetjing
- Kampsak(er)
- Organisasjonstype
- Strategi overfor myndigheitene
- Eksempel på organisasjonen sitt arbeid – ei enkeltsak/-hending

- Individuell eller gruppeoppgåve
- Laga presentasjon av organisasjon (t.d. munnleg / powerpoint eller veggavis)
- Organisasjonar med politiske interesser
- Ev. samanlikna koss ein enkelt organisasjon arbeider i ulike land
- Sjå vedlegg B

### STIKKORD

### LÆREPLANMÅL

- gje døme på og drøfte demokrati som styreform, gjere greie for politisk innverknad og maktfordeling i Noreg og bruke digitale kanalar for utøving av demokrati
- gjere greie for politiske institusjonar i Noreg og samanlikne dei med institusjonar i andre land



## 5. Digitale kanalar for utøving av demokrati

Det finst fleire måtar å tilnærma seg dette læreplanmålet. Ein kan velja å fokusera på allereie eksisterande kanalar som nettaviser og andre nettbaserte forum, og ein kan også eventuelt oppretta eigne elevrådssider knytta til skulen sine nettsider.

Nettaviser:

- *elevane skriv i kommentarfelta til avisopplaga*
- *diskusjonar rundt nettvett*

- Skulen sine nettsider:

- *elevane debatterer skulesaker*
- *styrker elev-medverknaden*

- etwinning.net:

- *samarbeidsportal for europeiske skular*
- *kunnskaps-utveksling og spel*

### Nettaviser

Dei fleste nettaviser har eigne debattsider der alle har lov til å delta i debattar om aktuelle saker, og mange aviser har òg kommentarfelt til avisopplaga i nettavisa. Her kan ein oppfordra elevane til å skriva kommentarar og innlegg, og slik gjera sine meiningar høyrde. Det kan vera lurt å diskutera kva som passar seg i slike innlegg og kommentarar, og nettvett generelt, blant anna knytt til bruken av eige namn kontra alias.

### Skulen sine nettsider

Dei aller fleste skular har etter kvart eiga nettside. Her kan ein oppretta eigne elevrådssider eller andre opne forum, der både elevar og andre kan få debattera saker som angår skulen. Dette kan gi elevane større personleg innverknad på skulekvardagen, særleg sidan ikkje alt treng gå via elevrådet. Det kan òg vera med på å synleggjera eventuelle saker som opptar elevane, og som leiinga kanskje ikkje er klar over.

### Samarbeid med skular i andre land

Nettressursen **eTwinning** eignar seg godt for samarbeid med skular i andre land. Finn meir info på [www.etwinning.net](http://www.etwinning.net). **eTwinning** er ein portal for samarbeid mellom europeiske skular, her kan ein blant anna spela rollespel om beslutningstaking i Europa, bruka bloggar for å læra om land i Europa og læra om kvarandre sine kulturar. Moglegheitene her er endelause, så dette er verkeleg ein ressurs fleire burde ta i bruk.

## STIKKORD

## LÆREPLANMÅL

- gje døme på og drøfte demokrati som styreform, gjere greie for politisk innverknad og maktfordeling i Noreg og bruke digitale kanalar for utøving av demokrati
- forklare kvifor kultur ikkje er medfødd, og gjere greie for og analysere kulturelle variasjonar

## 6. Norsk økonomi i global sammenheng

For å få ei forståing av norsk økonomi i ein global sammenheng kan ein ta utgangspunkt i norske bedrifter som også har delar av si verksemd i andre land. Her kan ein både sjå på store aktørar som Statoil og Telenor, men òg mindre bedrifter som for eksempel Moods of Norway o.l.

- Oppgåve i smågrupper
- Laga informasjonshefte om ei norsk bedrift si verksemd i inn- og utland
- Innhenta informasjon
- Utarbeida illustrerende kart
- Sjå vedlegg C

### STIKKORD

Elevane blir sett til å jobba i smågrupper (2-3 i kvar), og får i oppdrag å laga eit informasjonshefte der dei presenterer ulike sider ved ei norsk bedrift med internasjonalt nedslagsfelt. Læraren bør godkjenna valet av bedrift før elevane set i gang.

Til heftet skal elevane innhenta faktainformasjon om bedrifta, så som:

- Kva type bedrift er det?
- Kor mange arbeidsplassar har bedrifta, i Noreg og totalt?
- I kva andre land opererer bedrifta?

Elevane bør også prøva å finna informasjon om koss arbeidet i andre land fungerer:

- Kva for delar av verksemda blir lagt til andre land?
- Korleis er arbeidsforholda i dei andre landa?
- Korleis blir menneskerettane overhaldne?
- Er korrupsjon utbreidd i dei andre landa?

Til slutt bør elevane velja ut 2-3 av landa der bedrifta opererer, og samanlikna desse med Noreg. Dette kan for eksempel gjerast ved å utarbeida kart som illustrerer dei ulike landa sine naturressursar, utdanningsnivå og BNP ved hjelp av symbol og fargar. Her kan elevane sjølv innhenta informasjonen og eventuelt rekna ut kva skilnadene mellom landa er.

## LÆREPLANMÅL

- planleggje, gjennomføre og presentere problemorienterte samfunnsfaglege undersøkingar og vurdere arbeidsprosessen og resultatata
- beskrive hovudtrekk i norsk økonomi og korleis vår økonomi heng saman med den globale økonomien
- gjere greie for grunnleggjande menneskerettar og drøfte verdien av at dei blir respekterte

## 7. Skuledebatt og skuleval

Mange skular driv allereie med organiserte skuledebattar og skuleval i forkant av dei offisielle kommune- og stortingsvala. Det er viktig at desse tiltaka er ryddig og godt organiserte, slik at alle får best muleg utbytte.

### Desse må organiserast ryddig!

Debatten:

- \* La elevane velja tema til debatten i forkant
- \* Unngå at bare dei mest ekstreme og populistiske politikarane stiller opp
- \* Ha streng kontroll på debatten, slik at ein held seg til saka og unngår at det ender opp i personangrep.

Valet:

- \* Så likt det verkelege valet som muleg (avlukke, stemmesetlar osv.)

### Debatten

Det kan vera lurt å avtala nokre få hovudtema for debatten med politikarane på førehand, slik at det heile blir meir heilskapleg og strukturert. Elevane kan gjerne få bestemma kva desse hovudtemaa skal vera, og dei bør få førebu spørsmål som dei kan stilla til politikarane under debatten.

Mange parti vel å senda dei mest ekstreme og populistiske politikarane til slike debattar, dette oppfattar elevane som usmakeleg, så det kan vera lurt å prøva å få tak i politikarar som i større grad representerer det som samlar partiet.

Elevane reagerer også ofte negativt på at politikarane bruker mykje av debattida til å rakka ned på kvarandre, i staden for å fortelja om kva nettopp deira parti står for. Som mottiltak mot dette, kan ein inngå ein avtale om at ein kuttar lyden i mikrofonen dersom nokon gjer dette.

### Valet

Først og fremst bør skulevalet vera så likt det verkelege valet som muleg, med avlukke og stemmesetlar som liknar det som møter ein førstegongsveljar i vallokalet.

## STIKKORD

## 8. Besøk av vallokale

---

For mange ungdommar er det å stemma for første gong ganske skremmande. For å avmystifisera situasjonen kan det vera greitt om ein tar klassen med på besøk i vallokala. Mange kommunar stiller seg positive til å ta imot klassebesøk av framtidige veljarar i vallokala.

- Klassebesøk i vallokala til kommunen
- Omvisning og gjennomgang av kva som skjer på valdagen

### STIKKORD

Eit besøk av vallokala kan vera med på å få opp andelen førstegongsveljarar: Det er lettare å tora å stemma når ein veit kor ein skal gå, og kva som vil skje der.

I forkant av eit slikt besøk er det fint om elevane kan få ein gjennomgang av korleis ein faktisk stemmer, der dei får utdelt stemmesetlar som dei kan kryssa på og kumulera.

Her er ei fin innføring ein kan visa:

<http://www.youtube.com/watch?v=c7mOuzwPPgk>

## Mot til å meina – oppgåve og vurderingskriterium INNLEIAND E KLASSEDEBATT

## Vurderingskriterium



### Oppgåva

Grupper å 5-6 elevar.

Finn ei sak de vil presentera og argumentera rundt. Det er viktig at de viser saka frå fleire ulike sider, men de kan gjerne enda opp med å ta eit standpunkt.

**Førebuing:** Samla informasjon om saka, fakta og eksempel.

**Presentasjon:** Presenter saka for resten av klassen og vis til ulike sider ved saka. Denne presentasjonen bør vara ca 2-5 minutt.

**Debatt:** Etter presentasjonen blir det opna for kassedebatt rundt saka.

Kvar gruppe vel ut to representantar, ein til å vera ordstyrar og ein til å vera med i elevjuryen.

### Reglar for debatten

Ordstyrarsvaret går på omgang, med to ordstyrarar til ei kvar tid. Ordstyrarsvaret skal aldri ligga på representanten til den gruppa som presenterer si sak.

Ordstyrarane fører talemliste. Ein teiknar seg for å få tale ved å gjera teikn:



**INNLEGG**

– talaren gjer greie for sitt syn (maksimal talemtd 3 minutt)      – direkte svar på innlegg (maksimal talemtd 1 minutt)



**REPLIKK**

Ordstyrarane må vera strenge på tidsavgrensinga, og kan ta ordet frå talaren som har gått over tida.

### Poengsystem

I forkant av debatten blir klassen einige om eit poengsystem, for eksempel slik:

Deltaking i debatten: 1-5 poeng

Overhalding av debattreglane: 1-5 poeng

Elevjuryen noterer individuelt og samlast etter debatten for å samnakkast om poengfordeling. Denne juryen skal dela ut poeng til gruppene på grunnlag av dei kriteria klassen har blitt einige om på førehand.

	1-2	3-4	5-6
<b>Førebuing</b>	Gruppa møter uførebudd eller minimalt førebudde til debatten.	Gruppa framstår som nokså godt førebudde på debatten.	Det går tydeleg fram at gruppa har førebudd seg godt på debatten og sett seg grundig inn i saka dei presenterer.
<b>Forståing for saka</b>	Gruppa viste i liten grad forståing for saka, og presentasjonen blei lite nysansert.	Gruppa viste forståing for dei viktigaste sidene ved saka og presenterte dei på ein forståeleg måte.	Gruppa viste god forståing for alle sider ved saka og presenterte på ein forståeleg og overtydande måte.
<b>Argumentasjon i presentasjonen</b>	Ikke alle påstandar blei underbygd av fakta eller eksempel.	Alle påstandar blei underbygd av delvis relevante fakta og / eller eksempel.	Alle påstandar blei klart underbygd av relevante fakta og / eller eksempel. Mange ulike informasjonskjelder blei brukte.
<b>Fordeling av presentasjon i gruppa</b>	Presentasjonen er skeivt fordelt i gruppa, enkelte deltek lite eller ingenting.	Presentasjonen er nokså jamt fordelt i gruppa, alle deltek.	Presentasjonen er jamt fordelt i gruppa. Alle deltek like mykje.
<b>Argumentasjon i fri debatt rundt eiga sak</b>	Ikke alle i gruppa deltek og påstandar blir i liten grad underbygd av fakta og / eller eksempel.	Alle i gruppa deltek til ei viss grad og påstandar blir stort sett underbygd av fakta og / eller eksempel.	Alle i gruppa deltek og påstandar blir underbygd av fakta og / eller eksempel.
<b>Argumentasjon i fri debatt rundt andre grupper sine saker</b>	Ikke alle i gruppa deltek og påstandar blir i liten grad underbygd av fakta og / eller eksempel.	Alle i gruppa deltek til ei viss grad og påstandar blir stort sett underbygd av fakta og / eller eksempel.	Alle i gruppa deltek og påstandar blir underbygd av fakta og / eller eksempel.
<b>Debattreglar</b>	Debattreglane blir i liten grad overhaldne.	Debattreglane blir stort sett overhaldne.	Debattreglane blir overhaldne.
<b>Poeng frå elevjuryen</b>			

### FRI DEBATT

## Oppgåva

Individuelt eller i grupper.

Vel ein organisasjon som har politiske interesser.

Lag ein presentasjon av denne organisasjonen:

- Kva står organisasjonen for?
- Koss er organisasjonen oppbygd?
- Koss arbeider organisasjonen for å få gjennomslag for sine politiske interesser?
- Koss arbeider dei opp mot det politiske systemet i Noreg?
- Ev. – finst denne organisasjonen i andre land? Koss arbeider dei der?

Presenter for klassen (f.eks. med powerpoint, foredrag eller veggavis)

**Førebuing:** Velja organisasjon og samla informasjon om organisasjonen. Setja saman presentasjonen, ev. laga powerpoint eller veggavis.

**Presentasjon:** Presenter organisasjonen for klassen og forklar koss organisasjonen jobbar med si(ne) kampsak(er).

**Produkt:** Powerpointen / veggavisa (e.l.) skal innehalda ein del informasjon om organisasjonen:

- Hovudnåsetjing
- Kampsak(er)
- Organisasjonstype
- Strategi overfor myndighetene
- Eksempel på organisasjonen sitt arbeid – ei enkelt sak/-hending

Presentasjonen bør vara ca 5-10 minutt.

	1-2	3-4	5-6
<b>Førebuing</b>	Presentasjonen ber preg av lite eller inga førebuing.	Presentasjonen er godt førebudd.	Presentasjonen er grundig og godt førebudd.
<b>Struktur</b>	Ustrukturert, rotete presentasjon.	Logisk struktur på presentasjonen.	Logisk og klar struktur på presentasjonen.
<b>Forståing</b>	Lita grad av forståing for organisasjonen og arbeidet organisasjonen gjer.	Grunnleggande forståing for organisasjonen og arbeidet organisasjonen gjer.	God forståing for organisasjonen og kvifor organisasjonen arbeider som han gjer.
<b>Dersom gruppe-arbeid: Fordeling i gruppa</b>	Presentasjonen er skeivt fordelt i gruppa, enkelte deltek lite eller ingenting.	Presentasjonen er nokså jamt fordelt i gruppa, alle deltek.	Presentasjonen er jamt fordelt i gruppa. Alle deltek like mykje.
<b>Innhald</b>	Produktet inneheld ikkje all nødvendig informasjon.	Produktet inneheld mesteparten av det nødvendige innhaldet.	Produktet inneheld alt det nødvendige innhaldet.
<b>Uttforming</b>	Produktet er rotete og uklart utforma.	Produktet er strukturert og fint utforma.	Produktet er ryddig og fint strukturert, og det er innbydande å sjå på.
<b>PRODUKT (ppt/veggavis e.l.)</b>			

	1-2	3-4	5-6
Fakta om bedrifta	Lite faktainformasjon om bedrifta.	God informasjon om bedrifta.	Utfyllande og relevant informasjon om bedrifta.
Fakta om landa	Lite faktainformasjon om landa.	God informasjon om landa.	Utfyllande og relevant informasjon om landa.
Illustrasjonane	Lite eller uklare bruk av illustrasjonar.	God bruk av illustrasjonar.	Informativ og hensiktsmessig bruk av illustrasjonar.
Karta	Mangelfulle eller uklare kart.	Fine kart.	Klare og fine kart.
Struktur	Noko tilfeldig og uklar struktur i heftet.	Stort sett ryddig struktur i heftet.	Tydeleg og ryddig struktur i helle heftet.
Estetik	Noko tilfeldig kombinasjon av tekst og illustrasjonar.	Fin kombinasjon av tekst og illustrasjonar.	Svært god og tilalande kombinasjon av tekst og illustrasjonar.
Samla innhald	Noko manglande eller feilaktig innhald.	Godt og rett innhald	Svært grundig og godt innhald.
Drøfting	Lite eller inga drøfting.	Drøftar hovudtrekk på ein fin måte.	Grundig og innsiktsfull drøfting.

## ENKELTDELANE

Smågrupper å 2-3 elevar.  
 Vel ei norsk bedrift de vil undersøka nærare (NB! Denne bedrifta må operera i fleire land.)  
 Få bedrifta godkjent av lærar.

Lag eit informasjonshefte der de presenterer bedrifta og 2-3 av landa ho opererer i.

Faktainformasjon om bedrifta:

- Kva type bedrift er det?
- Kor mange arbeidsplassar har bedrifta, i Noreg og totalt?
- I kva andre land opererer bedrifta?

Informasjon om koss arbeidet i andre land fungerer:

- Kva for delar av verksemda blir lagt til andre land?
- Korleis er arbeidsforholda i dei andre landa?
- Korleis blir menneskerettane overhalde?
- Er korrupsjon utbreidd i dei andre landa?

I denne siste delen bør de samanlikna dei andre landa med Noreg, og drøfta likskapar og skilnadar.

Vel ut 2-3 av landa der bedrifta opererer, og lag illustrerande kart som samanliknar landa med Noreg (bruk gjerne symbol og fargar). Ein kan finna mykje informasjon på [www.globall.no](http://www.globall.no)

- BNP
- Utdanningsnivå
- Naturressursar

Heftet bør vera på ca 5-10 sider, og innehalda både tekst og illustrasjonar.